



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Vår dato: **27 APR 2009**

Vår ref.: NVE 200708047-4 ki/mbi

Arkiv: 312 /042

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Marianne Bismo

22 95 98 58

Sunnhordland Kraftlag AS – Søknad om løyve til bygging av Liarelva kraftverk i Kvinnherad kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS, datert 14.09.2007, om løyve til bygging av Liarelva kraftverk i Kvinnherad kommune.

Liarelva har utløp i Matresfjorden. Liarelva kraftverk vil nytte eit fall på 438 m med inntak på kote 440 og kraftstasjon på kote 2. Røyrgate på om lag 1000 m vil bli nedgraven så langt det er mogleg. Det er ikkje planlagt permanent veg til inntaket. For tilkomst til kraftstasjonen vil det byggast ein 400 m lang traktorveg, alternativet er å ha tilkomst til kraftstasjonen berre frå sjø. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 10 l/s heile året. Kraftverket vil ha installert effekt på 1,8 MW og ei produksjon på 7,3 GWh i eit gjennomsnittleg år.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Liarelva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Energi Teknikk AS v/ Arild Klette Steinsvik på tlf. 53 48 72 06 eller e-post: arild@energi-teknikk.no.

NVE ber Kvinnherad kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Kvinnherad Bibliotek på Husnes, to eksemplar på rådhuset i Rosendal og to eksemplar på Jon Lyngnes bensinstasjon i Matre fram til **19.06.2009**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **19.06.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


for Øystein Grundt
seksjonssjef


Marianne Bismo
avdelingsingeniør

Vedlegg: Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Liarelva kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Grenda og Kvinnheringen

Tal på søknadar	Namn/adresse
7	Kvinnherad kommune, Rådhuset, 5470 ROSENDAL
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Kvinnherad Energi AS, 5464 DIMMELSVIK
	Kystverket vest, Serviceboks 2, 6025 ÅLESUND
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201, 5811 BERGEN
	NJFF Hordaland, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
	Bergen Turlag, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
	Kvinnherad Turlag v/ leiar Anne Kari Enes, 5470 ROSENDAL
1	RV
1	KM
1	ER
1	SVA
1	KD

- KUNNGJERING -

Sunnhordland Kraftlag AS – Søknad om løyve til bygging av Liarelva kraftverk i Liarelva i Kvinnherad kommune

NVE har motteke ein søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS om løyve til bygging av Liarelva kraftverk i Kvinnherad kommune.

Liarelva har utløp i Matresfjorden. Liarelva kraftverk vil nytte eit fall på 438 m med inntak på kote 440 og kraftstasjon på kote 2. Røyrgate på om lag 1000 m vil bli nedgraven så langt det er mogleg. Det er ikkje planlagt permanent veg til inntaket. For tilkomst til kraftstasjonen vil det byggast ein 400 m lang traktorveg, alternativet er å ha tilkomst til kraftstasjonen berre frå sjø. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 10 l/s heile året. Kraftverket vil ha installert effekt på 1,8 MW og ei produksjon på 7,3 GWh i eit gjennomsnittleg år.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Kvinnherad Bibliotek på Husnes, på rådhuset i Rosendal, på Jon Lyngnes bensinstasjon i Matre og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Energi Teknikk AS v/ Arild Klette Steinsvik på tlf. 53 48 72 06 eller e-post: arild@energi-teknikk.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **19.16.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.